

NORGES BONDELAG



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Vår sakshandsamar
Amund Johnsrud
+47 97 54 18 42

Vår dato
12.11.2019
Dykkar dato
23.09.2019

Vår referanse
19/00646-8
Dykkar referanse
19/1132-5

Forslag til forskrift om regionale tilskot til næringsutvikling, rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Høyringsvar frå Norges Bondelag

Ei felles forskrift med felles føremål

Norges Bondelag ser positivt på at det vert laga ei felles forskrift for midlar til regionale tilretteleggingstiltak i landbruket og for regionalt tilskot til rekruttering og kompetanseheving i landbruket (høvesvis RT- og RK-midlane).

Endring av forvaltningsansvar

Vi har ingen merknader til at Landbruksdirektoratet får ansvaret for å forvalte ordninga. Som LMD skriv, gir det direktoratet samtidig som oppgåve å vurdere ordninga framfor dei årleg jordbruksoppgjera. Det er positivt for avtalepartane å få slike vurderingar av RK og RT på same måte som for andre av ordningane innanfor jordbruksavtala.

Krav til søkjar

Vi støttar kravet om at tilskotsmottakar må vere registrert i Einingsregisteret på søknadstidspunktet. Vi er også samde i at RT-midlar kan bli gitt til føretak når tiltaket det vert søkt om har til føremål å fremje fellesgode knytt til næringsutvikling.

Omsynet til regional partnerskap og regionalt næringsprogram

Det er viktig og bra at rolla til den regionale partnerskapen for landbruk nå vert betre og meir klargjort enn tidlegare, også for RT og RK sin del, og at det vert gitt føringar som stadfestar at partnerskapen skal vere involvert i arbeidet med regionalt næringsprogram.

Frå enkelte av fylkeslaga våre er det kome signal om at fylkeskommunen i liten grad har involvert partnerskapen i prosessen knytt til fordeling og prioritering av midlane dei forvaltar, men bare orientert om resultatet i etterkant. Med denne nye forskrifta ventar vi at partnerskapen i alle fylke held fram som gode arenaer for samarbeid og felles beslutningsprosessar blant dei involverte aktørane. Dei fleste fylkesmann-embeta har fått etablert gode prosessar for involvering. Fylkeskommunane bør bygge vidare på desse

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:
Postboks 9354 Grønland
0135 OSLO

Norges Bondelag
Bondelagets Servicekontor AS

Besøksadresse:
Landbrukets Hus,
Hollendergata 5
0190 OSLO

Org.nr.: 939678670
Org.nr.: 985063001 MVA

Tlf:
22 05 45 00

Bankkonto: 8101.05.12891
Bankkonto:: 8101.05. 91392

E-post:
bondelaget@bondelaget.no

Internett:
www.bondelaget.no

Vår dato
07.11.2019

Vår referanse
19/00646-8

modellane for involvering og samarbeid når dei overtar ansvaret for dei regionale partnerskapa.

Vi føreset at fylkesmannen vert med vidare i partnerskapen i alle fylka. For fylkeskommunen sin del kan det vere ein fordel, ikkje minst for informasjonsflyten, at dei møter med representant både frå administrasjonen og frå aktuelt folkevald organ.

For å lukkast godt med å leie partnerskapen og ha gode prosessar fram mot vedtak, er det viktig for fylkeskommunen å ha medarbeidarar med god landbrukskompetanse som har tid og rammer elles til å førebu og følgje opp dei sakene som partnerskapen tar opp og engasjerer seg i.

I § 9 om vedtak, står det at desse vert fatta av fylkeskommunen. Sjølv om det er formaliteten, vil vi understreke at det uansett er viktig med ein god og involverande prosess i forkant, der partnerskapen har reell påverknad, slik et går fram av føringane i høyringsnotatet.

Finansiering av vaksenagronomen

Det er bra at vaksenagronomutdanninga skal finansierast av den nasjonale ordninga for vaksenagronom, slik at heile potten med RK-midlar i fylket vert brukt til rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Vår eine kommentar til finansieringsmodellen, er at den ikkje er meint å skulle hindre partnerskapen frå å kunne ta vaksenagronomen med i moglege rekrutterings- og marknadsføringsprosjekt ein bestemmer seg for å gjennomføre for å auke interessa for og søkinga til naturbruksutdanninga i fylket blant målgruppene.

Særskilt om RK-tilskotet

I §2 står det at ein del av RK-tilskotet (§4) også kan bli gitt til tiltak i regi av fylkeskommunen. Det er viktig at slike tiltak kjem som ein følgje av samråd og drøfting i partnerskapen, er forankra i RNP og fortrinnsvis skjer i eit samarbeid med landbruksnæringa. Jf. siste avsnitt i kapittel 3.2.2. Ein må unngå at RK-posten i røynda vert todelt, der partnerskapen bare vert involvert i bruk og disponering av ein del av midlane, mens den andre vert reservert for fylkeskommunen aleine.

Det kan synest noko for svakt når departementet skriv: *«forutsetter (...) at ikke hele tilskuddet kan settes av til tiltak i egen (fylkeskommunens) regi.»*

Ein kan vurdere å omformulere til: *«en mindre del av tilskuddet kan settes av til tiltak i egen regi»*

Beste helsing

Elektronisk godkjent, utan underskrift

Jarle Bergsjø

Amund Johnsrud